



DEN NORSKE KYRKJA
Tysvær kyrkjelege fellesråd

MOTTATT
01 OKT 2014

Det kongelige Kulturdepartement

Postboks 8030 dep
0030 OSLO

Aksdal 30.09.2014

LIK OG LIKSKAP - HØYRING

Tysvær kyrkjelege fellesråd takkar for at me får uttala oss i ei så stor og viktig endring av rettslege og økonomiske spørsmål knytt til gravlegging.

I Tysvær er det ikkje nokon forskjell i kostnad om ein vert gravlagd i kiste eller urne. Det vert ikkje kravd avgift for kremasjon frå dei pårørande. Kostnadar med kremasjon og eigenandel for transport til krematoriet vert dekkja av kyrkjeleg fellesråd. Det er viktig at dette nå vert lovfesta.

Tysvær kyrkjelege fellesråd samarbeider med Haugesund kyrkjelege fellesråd som organiserer transport til og frå krematoriet. Dei får sine utgifter dekkja av NAV. Tysvær kyrkjelege fellesråd er skeptiske til at midlane vert overført til kommunen. Me vil rå til at midlane vert overført til den gravplassformidlinga som har ansvar for transport.

Tysvær kyrkjelege fellesråd er einig i at oppgjer for utanbygdes gravlegging skjer mellom kommunane. Me vil rå til at det er faste takstar på dette som er lik over heile landet.

Tysvær kyrkjelege fellesråd er einige i prinsippet om at festegrav vert omgjort til frigrav ved gravlegging. Men me ser og at der er nokon praktiske utfordringar ved ei slik ordning. Ei festegrav med to ulike festeperiodar vert komplisert å administrera. Begge gravene i ei festegrav bør ha same festetid og ein samordning av dato for kva tid gravene går ut. Dette er spørsmål som må avklarast i lovteksten.

Tysvær kyrkjelege fellesråd mister og store inntekter frå feste ved ei slik endring. Det må kompensrast ved direkte overføringar til oss som gravplassforvaltning.

Tysvær kyrkjelege fellesråd har allereie i dag festetid (perioden for leige) på 5 år. Det er viktig at ein har så ofte kontakt med ansvarleg for grava. Noko som igjen førar til at me sitt me korrekte opplysningar i gravregisteret.

Tysvær kyrkjelege fellesrådet er skeptisk til lik festeavgift for alle graver i kommunen. Lokalt vil me då miste eit virkemiddel for påverknad til val av gravstad. Plassmangel, kulturminnevern eller jordforhold eller andre praktiske faktorar kan i visse høve gjera det ønskjeleg for fellesrådet å ha ulike prisar frå felt til felt. Fastsetjing av festeavgift kan og vera eit virkemiddel for å byggje opp under nyvinningar og ønskjer om kontroll på langsiktig utvikling av gravplassanlegget. Ulike former for namna minnelund er eksempel på tiltak. Me må difor vurdere omsynet til likhetsprinsippet i forhold til fellesråda sine politiske handlingsrom.



DEN NORSKE KYRKJA
Tysvær kyrkjelege fellesråd


Tysvær kyrkjelege fellesråd ser at det kan vera naturleg at rammetilskotet frå kommunen vert delt mellom kyrkjeleg drift og gravplassforvaltinga. Utfordringa vert at mange tilsette og mykje utstyr vert i dag nytta begge stader. Dette gir god økonomisk utnytting av våre ressursar. En deling vil i tillegg føre til eit mindre fleksibelt system og meir administrative kostnader. Det vil verta ei stor utfordring å få delt budsjett og rekneskap i praksis.

Tysvær kyrkjeleg fellesråd er einige i at bispedømeråda sine oppgåver vert tillagt fylkesmannen. Alternativt at dei vert samla på eit felles kontor i kyrkja for heile landet eller i nokre få store regionskontor.

Tysvær kyrkjeleg fellesråd vil til slutt peike på at me ser det som viktig at gravplassforvaltinga vert liggjande hos kyrkjelege fellesråd. Etter lang tider med denne oppgåve har kyrkja utvikla stor kompetanse på området og brukarundersøkingar har viser at tenestene får høge skår og brukarane er godt nøgde. Kyrkja har og vist at ein utøver like stor kompetanse og respekt for andre trus- og livssynsamfunn som ein sekulær kommunal etat.

Med helsing

TYSVÆR KYRKJELEGE FELLESRÅD


Eva Birkeland
Kyrkeverje